



Haugland Skog Veglag Sa
c/o Arne S. Haugland Listveitvegen 49
5937 Bøvågen

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/5779 - 23/8717

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
31.01.2023

Løyve til bygging av landbruksveg på gbnr. 425/1 m.fl. Haugland i Alver.

Administrativt vedtak: Saknr: 116/23

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Haugland skog og veglag SA v/formann Arne Haugland løyve til å byggje skogsveg som søkt om 25.07.2022 på gnr. 425, bnr. 1 m. fl. Slik kartfigur i saksutgreiinga syner og elles i samsvar med søknaden.


Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet skal arbeidet stogkast omgåande og Vestland fylkeskommune – seksjon for kultur skal varslast.
- Dei kulturminnefaglege interessene skal fylgjast opp slik det kjem fram i saksutgreiinga.
- Tiltakshavar må så langt det let seg gjere unngå å krysse eksisterande turstiar. Om dette ikkje let seg gjere, lyt det gjerast avbøtande tiltak slik at det vert lett å krysse vegen for turgåande.
- Vedtaket er gyldig til 15.02.2026. Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort – jf. forskrift 2015-05-26-550 om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Tiltaket må vere ferdig innan 15.02.2027.
- Søkjar må syte for å avklare privatrettslege tilhøve. Naudsynt løyve i høve avkøyrsløse til offentleg veg er gjeve, men vilkår sett i dette løyvet må fylgjast.
- Eigarar av naboiegedomar som er med i dekningsområdet for vegen, skal ha høve til å kjøpe seg inn i vegen.
- Vegen skal byggjast i samsvar med «normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for vegklasse 3.
- Masseuttak i samband med veganlegget er godkjent slik det er søkt om.
- Etter ferdig arbeid skal området ryddast opp.

Saka gjeld

Haugland skog og veglag SA v/formann Arne Haugland søker om å byggje om lag 470m landbruksveg i vegklasse 3. Vegen skal i grove trekk gå slik det er synt med blå markering i fig. 1. neste side. Landbruksinteressene er gjeve opp til å vere 100% skogbruk. Vegen er ein forlenging av ein alt godkjent veg. Vegen løyser ut om lag 6000m³ i hogstklasse IV og V og har eit dekningsområde på 700 daa fordelt på fleire eigedomar. Dette må òg sjåast i samanheng med vegen som alt er godkjent og bygd (merka med raudt i fig. 1). Traséen til vegen det no er søkt om går i all hovudsak på gnr. 425, bnr. 10.

Søknaden har lege ei stund hjå kommunen. Dette då Vestland fylkeskommune i si høyringsfråsegn av 15.09.2022 sette krav om kommunen ikkje kunne godkjenne vegen før avkørsleløyve til offentleg veg var godkjent. Kravet er i tråd med landbruksvegforskrifta § 2-2 2.ledd. Alver kommune seier seg likevel lei for at saka har drege ut. Avkørsleløyve til fylkesveg 5484 er i brev dagsett 19.01.2023 gjeve av vegeigar som er Vestland fylkeskommune.



er søkt om.

Fig. 2 oppe til høgre. Vegen startar frå dette området.

Fig. 3. til høgre. Vegtraséen er tenkt lagt der det fell naturleg i høve terrenget.



Fig. 1 ovanfor. Blå line syner vegtraséen det no





Fig. 4. Vegen skal liggje i eit område der det er ein del etablerte turstiar. Dette gjeld særleg i vestre del av vegtraséen.

VURDERING:

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveien» er å sikre at planlegging og bygging av slike vegar skjer på som måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar med meir som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv. Vidare omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av vegen.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der samla belastning for økosystemet er vurdert både på staden men òg i ein større samanheng.

Efter søk i naturbasen og artsdatabanken er det ikkje gjort funn i eller kring vegtraséen.

22.08.2022 vart søknaden sendt regionalt kulturminne og internt i kommunen for vurdering i høve kulturminne- og friluftslivinteresser. Samstundes vart søknaden sendt Statsforvaltaren i Vestland for uttale.

Vestland fylkeskommune kom med attendemelding 05.09.2022. Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med vegtraséen. Dei har slik sett ikkje avgjerande merknader i saka utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir. Dei gjer òg merksam på plikta til å melde i frå ved funn av automatisk freda kulturminne som funn av gjenstandar, flekkar med trekol eller konstruksjonar. Denne plikta er heimla i kulturminnelova § 8, 2.ledd.

Ved eventuelle slike funn skal alt arbeid stogkast og funnet meldast til Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering slik at dei kan setje i verk gransking. Slik gransking vil verte gjort innan 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Fylkeskommunen peikar òg på at det i hogstområdet er registrert eit automatisk freda kulturminne – Askeladden id. 90941. I den samanheng vert det synt til kulturminnelova § 3. Dei presiserer at «Det automatisk freda kulturminne skal sikrast i samband med hogstarbeid/inngrep i området. Kulturminne skal tydeleg markerast/gjerdast inn, 5 meter utanfor sikringssona til kulturminne. Det er ikkje tillat å drive hogst innanfor markeringa». Fylkeskommunen kan sende tiltakshavar/hogstfirmaet shape-filene til kulturminnet. Vi rår til at tiltakshavar etterspør dette. Fylkeskommunen minner òg om at dei skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Dei syner til at delar av hogstområdet har potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 4. Dette gjeld i hovudsak område som ligg mellom 10 og 25 moh. Fig. 5 nedanfor syner kva området som ligg mellom 10 og 25 m.o.h.

Eventuelt varsel til fylkeskommunen skal innehalde fylgjande informasjon:

Gnr. – bnr. – kommune

Kart over hogstområdet og eventuelle planlagde drifteveggar, velteplassar m.m.

Planlagt oppstartsdato

Kontaktperson – e-post og organisasjonsnummer.




Fig. 5. Oversyn over kva område som ligg mellom 10 og 25 m.o.h. der fylkeskommunen peikar på at sannsynet for å finne kulturminne er størst.

Statsforvaltaren i Vestland har i brev av 01.09.2022 gjeve til kjenne at dei, etter ein rask utsjekk av miljøinteresser, ikkje kjenner til viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av veganlegget. Dei har heller ikkje andre merknadar til tiltaket.

Vegen vil dels kome i kontakt med stiar i området. Dette gjeld særleg lengst vest i traséen. Tiltakshavar må syte for at turgåarar lett kan krysse vegen om denne kryssar stiar i stinettet.

Slike søknadar skal vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Vegen skal byggjast i samsvar med «normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse» tilsvarande den standard vegen er søkt om – i dette tilfellet vegklasse 3. Dette gjeld mellom anna krav til vegbreidde, kurvatur, veggroffer og stikkrenner. Vegen har fått godkjent løyve til avkørsle til fylkeskommunal, med dei vilkår som er sett i denne godkjenninga må fylgjast.

Det er alt etablert eit massetak i samband med bygging av den fyrste vegen i området. Dette uttaket er òg tenkt nytta til den nye vegen.

Privatretslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal òg ha løyve i frå den som eig grunnen. At kommunen har gjeve eit løyve, går ikke framom manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova
- Offentleglova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/5779»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Haugland Skog Veglag Sa

c/o Arne S. Haugland
Listveitvegen 49

5937 Bøvågen